

Ja til forlenga kai, kårhustomt og regulering

28.02.2008

Tre saker frå Uskedalen gjekk glatt igjennom under møtet i forvaltningskomiteen onsdag. Dei galdt forlenging av betongkaia til Gunnar Myklebust, utskilling av ei tomt til kårhus på Storhaug ovanfor Musland og start av arbeid med privat reguleringsendring for bustadfeltet som Ivar Gundersen har kjøpt i Nedre Halsabråtet. Alle tre vart samrøystes vedteke.

Myklebust hadde søkt om dispensasjon frå gjeldande planar for å byggja trekai og leggja ut flytebryggje med landgang, til saman 13 meter som forlengjing på eksisternde betongkai like utanfor badeplassen.

Den opprinnelege kai der er 23 meter. Den forlenga kaia kan mellom anna nyttast av barnehage- og skuleborn frå Skorpo.

Møyfrid og Anders Kristoffersen hadde søkt om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen for å byggja hus nummer tre på bruket. Kårhuset som ligg der i dag er gammalt og lite eigna etter dagens krav og det går mot eit generasjonsskifte.

Området som Gundersen har kjøpt (4,6 mål) ved det såkalla Arnesen-huset er regulert til konsentrert bustadbyggjing og han vil nytta det til eit mindre bustadfelt. Det heiter i vedtaket at planområdet bør utvidast i dei ubebygde restområder i nord. Planen må visa tilstrekkeleg med parkering og tilstrekkeleg fellesareal og leikeplass innanfor området.